**Aurland kommune**
Rådmannen

# KULTURPLAN AURLAND -TILTAKSDEL 2008/2011

| Overordna utviklingstiltak | | | | **Eining:** Kulturforum Aurland | **Avdeling: (1, 2, 3, 4 og 5)** | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Satsings-område** | **Mål** | **Tiltak (kva)** | **Strategi (korleis)** | **Evaluering** | **Ressursar** | **Ansvarleg** |
| **1. Heradshuset** | *1. Heradshuset skal halde fram med å vere det naturlege senteret for formidling og utvikling av lokal-historisk kultur i Aurland* | • Utarbeide plan for optimal framtidig ut-nytting av heradshuset<br>• Aktivitetskalender for Heradshuset | • Jf. rapport frå Arbeidsgruppa for framtidig bruk av heradshuset<br>• Jf. notat frå arbeidsgruppa for Aurlandsvangen<br>• Sommarvikarar | Sak i k-styret 20. nov. -08 | Kultur-konsulent 100%<br>Kultur-arbeidar 100% | Kulturfagleg ansvarleg/ Kultur-konsulenten |
| **Lokalhistorisk senter** | *1. Etablere eit godt system for sikring av lokalhistorisk materiale*<br><br>*2. Etablere eit godt system for formidling av lokalhistorisk materiale* | • Systematisere lokalhistorisk materiale digitalt for heile komm.<br><br>• Gjere det lokalhistoriske materialet tilgjengeleg gjennom utstillingar og formidlingsarbeid<br><br>• Gjere det lokalhistorisk materialet tilgjengeleg for søk via internett.<br><br>• Vidareføre venskaps-avtalen av 1997 Aurland – Canon Falls Township | • I dialog med Fylkesarkivet finna fram til ein god måte å sikre lokalhistorisk materiale på<br><br>• Aktivt samarbeid med skulane, barnehagane og Helsetunet<br><br>• Samarbeid med *Norsk lokalhistorisk institutt*, *Nærøyfjorden verdsarv-park*, *Aurland Sogelag* og *E-CO Vannkraft* (vasskraft-utbygginga)<br><br>• Arrangere treff kvar månad saman med eldrerådet, der ein saman | | Jf. elles saksut-greiinga | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | *3. Aurland kommune skal vera heilt i front nasjonalt på formidling av lokalhistorie på nett.* | • Formidle verdsarven<br><br>• Kvalitetssikre og utvikle biletdatabasen<br><br>• Produsera lydbøker av bygde- og slektsbøkene frå Aurland. Etter kvart på fleire språk. | går gjennom biletmaterialet og korrrigerer/ utvidar metainformasjon.<br>• I samråd med eldrerådet/ pensjonistlaget få inn folk med gode stemmer og som snakkar skikkeleg 'aurlending'.<br>• Som eit tillegg til meir tradisjonell formidling, publisere lokalhistorisk materiale i utradisjonelle kanalar som t.d. Flickr, YouTube og andre delingstenester på nett. | | | |
| **Galleri Vinjum** | *4. Kunst- og biletskatten som Aurland kommune eig, må gjerast meir tilgjengeleg for samtida, og sikrast for framtida.* | • Bli del av stiftinga Sogn og Fj. Kunstmuseum (SFKM)<br>• Oppgradering av gallerilokala<br>• Vandreutstillingar<br><br>• Ta vare på samlinga i tråd med retningslinene for gåva<br><br>• Gjere kunstskatten til-gjengeleg for fleire | • Søkje om medlemskap i stiftinga<br>• I samråd med SFKM og "Heradshusgruppa"<br>• Vinjum ut til andre galleri, andre utstillingar inn i Galleri Vinjum<br><br>• I samråd med SFKM<br><br>• Meir biografisk materiale til formidling av kunstnaren<br>• Galleri Vinjum på nett<br>• Aktivt samarbeid med skule og barnehage<br>• Opne dører inn til galleriet i høgsesongen<br>• Omvising i Galleri Vinjum<br>• Open dag på Heradshuset | | | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sivlesamlinga** | 5. *Auke talet besøkjande* | Avklare mål, tiltak og strategi for samlinga med eigaren; Aurland sogelag | Tilbod om omvising i samlinga | | | |
| **Nettkafe** | *7. Oppretta eit breiare tilbod på internett-tenester, samstundes som tilbodet kan rekruttere nye målgrupper* | • Byggje opp eit enkelt Nettkafetilbod<br>• Dataspel-arrangement | • Samlokalisere 5 datamaskiner med internett-tilgang<br>• Samarbeid med Cobra ungdomsklubb | | | |

| Satsings-område | Mål | Tiltak (kva) | Strategi (korleis) | Evaluering | Ressursar | Ansvarleg |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **2. Kunnskapstun/ bibliotek** | 1. Betra den fysiske organiseringa av biblioteklokalet og betra tilkomsten for publikum. | 1. Utviding og ominnreiing av biblioteket i samband med ombygginga av ABU. Ny inngangsdør i fasaden mot Vangen. | 1. Følgja opp arbeidet i plannemnda. | Kontinuerleg | ombyggings-midlar | Bibliotek-sjefen |
| | 2. Bidra til kompetanseheving hjå vaksne innbyggjarar. | 2. Fotobehandlingskurs, Datakortet (modular) og Fritt Ord-prosjekt. | 2. Kurs med eigen lærar, litteraturformidl.prosj. i samarbeid med Aurland jakt– og fiskelag. | Kontinuerleg / juni 09 | Kursavgifter/ Prosjekt-midlar (Fritt Ord) | Rådgjevar/ Bibliotek-sjefen |
| | 3. Auka den språklege kompetansen hjå 5-åringane i barnehagane. | 3. Samarbeidsprosjekt med barnehagane om eit strukturert språkstimuleringsopplegg i biblioteket. | 3. Utvikla og gjennomføra eit strukturert opplegg i samarbeid med barnehagetilsette og einingsleiaren. | Kontinuerleg / juni 09 | Prosjekt-midlar (barnehagen) | Bibliotek-sjefen/ barneh.tils. einings-leiaren |
| | 4. Betra publikumstilgangen til biblioteket på Internett. | 4. Forbetra heimesida. | 4. Laga ny heimeside sjølv. | Des.08/ juni 09 | | Rådgjevar/ Bibliotek-sjefen |
| | 5. Involvera biblioteket under Nynorske litteraturdagar (NL). | 5. Involvera personalet og leggja eit arrangement til biblioteket (Jf. Pkt. 2). | 5. Samarbeida med ansvarlege for NL. | Des 08 | Budsjett-midlar | Bibliotek-sjefen |
| | 6. Auka bruken av Kunnskapstunet. | 6. Lokalisera norskundervisning av framandspråklege til Kunnskapstunet. | 6. Leggja til rette for bruk av Infohagen til undervisning. | Juni 09 | | Bibliotek-sjefen/ Rådgjevar |
| | 7. Heve kompetansen hjå dei tilsette | 6. Deltaking på eksterne aktuelle kurs | 6. - Motivere for kursdeltaking<br>- Samarbeide på tvers av tenesteeininga (delte stillingar) | Haust 09 | | Bibliotek-sjefen |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | - Auke kursbudsjettet | | | |
| **Satsings-område** | **Mål** | **Tiltak (kva)** | **Strategi (korleis)** | **Evaluering** | **Ressursar** | **Ansvarleg** |
| **3. Barne- og ungdoms-klubben** | Ungdomsklubben er ein arena tilrettelagt for ungdom, der vi legg vekt på sosial og kulturell samhandling i trygge omgjevnader.<br>• Tenesta er hovudsakleg retta inn mot barn og ungdom frå 10 – 19 år.<br>• Aurland fritidsklubb er open 10 timar pr veke.<br>• Klubben set fokus på barn og unge sine ynskje og behov | - lytta til barn og unge, halda styremøte og allmøte i klubben.<br>- Ta ansvar for at barn og unge blir sett og ivaretekne<br>- Oppretthalda dagens tilbod, med same opningstid | • ulike aktivitetar knytte til natur<br>• ulike aktivitetar knytte til kultur<br>• "Innomhusaktivitetar"<br>  ○ spel og spelekveld<br>  ○ biljard, bordtennis<br>  ○ internett<br>  ○ kunst / handverk<br>• andre aktivitetar<br>  ○ møte med andre lag og organisasjonar<br>  ○ bedriftsbesøk | Juni 2009 | Barne- og ungdoms-arbeidar | Klubbleiar |
| | • rusførebyggjande arbeid blant barn og unge | - Medverke til redusert bruk av alkohol blant dei unge og heva debutalder | reise til andre klubbar i nærområda/ nabokommunane for å delta på felles arrangement eller aktivitetar<br><br>- rusfrie arrangement | | | |
| | • fornying av lokalet, gjera det mogeleg å driva fleire aktivitetar samtidig | - ombygging av klubblokalet i februar 2009 (jf. Økonomiplan) | | | | |
| | UKM ( ungdommens kulturmønstring ) | - UKM Aurland<br>- UKM Sogn og Fjordane | - arrangør og ansvarleg for den kommunale UK-mønstringa<br>- reisearrangør til fylkesmønstringa | Juni 09 | Arbeidstid | Klubbleiar |
| | Nattugle-prosjektet | Sekretær for prosjektet | Sekretær for styret ;<br>- innkallingar til møte,<br>- møtereferent | Februar 09 | Arbeidstid | Klubbleiar |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | - vaktliste | | | |
| **Satsings-område** | **Mål** | **Tiltak (kva)** | **Strategi (korleis)** | **Evaluering** | **Ressursar** | **Ansvarleg** |
| **4. Musikk- og kulturskulen** | *Utvikle kulturskulen til eit kraftsentrum og eit kunstfagleg ressurssenter i kommunen, i tråd med St. meld nr 38 og 39 samt strategiplan "Skapende læring"frå kunnskapsdepartementet.*<br><br>*Vidareutvikle musikk- og kulturskulen med større vekt på kreativt arbeid, felles prosjekt og sosialt fellesskap.*<br><br>*Skulen skal gjennom eigne prosjekt og samproduksjonar med grunnskule og frivillig kulturliv verta motor for skapande krefter i kommunen.* | Skulen skal delta i det 3-årige utviklingsprosjektet "Kulturskolefokus 3"<br><br>Ved tilsetting av nye lærarar samle ressursane til større (helst heile) stillingar, besett av personar busette i kommunen.<br><br>Formalisere samarbeidet med nabokommunar<br><br>Etablera faste organ for prosjektsamarbeid mellom kulturskule og grunnskule.<br><br>Utvikle idear for nye | Heile personalet skal ta del i arbeidet med ein felles visjon for framtidas kulturskule i Aurland. Denne skal fungere som reiskap for å få til ei heilskapleg utvikling av skulen i tråd med nasjonale føringar.<br><br>Organisera undervisninga med aktivitet både i større/mindre grupper og individuell oppfølging. Gjera omgrep som improvisasjon og komposisjon meir sentrale i undervisninga. Ved tilsetting av nye lærarar leggje vekt på allsidigheit, gode pedagogiske evner, brei fagleg bakgrunn og interesse for prosjektarbeid/arbeid med framsyningar.<br><br>Etablere samarbeidsavtale med nabokommunane Lærdal og Årdal. Felles utlysingar<br><br>Årlege framsyningar i samarbeid med grunnskule og frivillig musikkliv. | | | Rektor |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | *Når skulen flyttar inn i nye lokale, skal planar for nye undervisningsformer, arbeids- og timeplanar liggje føre.* | undervisningsformer og prøve dette ut i liten målestokk. | | | | |
| **Satsings-område** | **Mål** | **Tiltak (Kva)** | **Strategi (Korleis)** | **Evaluering** | **Ressursar** | **Ansvarleg** |
| **5. Trudvang Kino** | *Trudvang Kino er ein av mange kulturberarar i Aurland kommune.*<br><br>***Gje flest mogleg av innbyggjarane i kommunen eit best og breiast mogleg kinotilbod.***<br><br>*Få gjennomført komplett digitalisering av kinoen, fordi all framtidig kinodrift vil basere seg på dette.* | -Utarbeida tilstandsrapport på bygget Trudvang<br><br>-Flytta Trudvang Kino til eit ombygt A.I.S. for å kunne vera ein del av det heilskaplege kulturtilbodet i Aurland.<br><br>- Kartleggja nødvendig utstyr<br>- Innhenta kostnadsoverslag frå bransjen på levering inkl. montering | -Oppretthalda og vidareføra dialog med Aurland kommune<br><br>-Kontakt med bransje-organisasjonane<br>-Bruka kompetansen i Norsk Kinoforbund | Fortløpande, men halvårleg evaluering juni 2009. | Midlar løyvde av Aurland kommune, bransjen og departe-mentet | Terje Horve |